

**Sakshandsamar:**

Mats Hoel Johannessen

E-post: Mats.Hoel.Johannessen@sfj.no

Tlf.: 91311175

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/9469-10

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

37439/16

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 07.11.2016

**Frå:** Mats Hoel Johannessen

Endre Høgalmen, NKA

**Til:****Kopi til:**

## Fordeling av tilskot til destinasjonsselskapa 2017

Fylkeskommunen har avtale med tre destinasjonsselskap og eitt næringsselskap for tildeling av tilskot. Midlane skal nyttast til å nå måla i «Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025» med særleg fokus på å auke tal gjestedøgn i fylket. Hovudutval for næring og kultur godkjente avtala for 2016-2017 i sak 9/16 i møte 02.02.2016. I avtala står det:

*Denne avtala gjev XX X AS XXX kr. i tilskot for 2016 for arbeid som skissert i denne avtalen. For 2017 vil tilskotet bli justert tilsvarende gjennomsnitt gjestedøgn i perioden 2013 - 2015 og innanfor dei økonomiske rammene som vert sett i fylkeskommunen sitt budsjett for 2017.*

Som følgje av innsparingar i forbindelse med SFJ 2019 vart det bestemt at destinasjonsselskap sitt samla bidrag skulle reduserast frå 3 mill. kr. til 2 mill. kr. frå 2018. Selskapa er varsle om dette og vi har gjort ei gradvis nedtrapping i den grad dette har vore mogleg over ein periode på 3 år. I 2016 hadde vi 2,7 mill.kr. til fordeling mellom selskapa. Fordelingsnøkkelen er basert på eit gjennomsnitt av gjestedøgn for kvar destinasjon dei tre siste åra. For 2017 er det 2,2 mill. kr. som skal fordelast.

Tilskot for 2017 vert fordelt slik mellom selskapa:

Selskap	Gjennomsnitt gjestedøgn 2013-2015	Tilskot 2016	Tilskot 2017	Prosentvis fordeling av tilskot 2017
Visit Sognefjord	47 %	1 250 000	1 175 000	53 %
Sunnfjord Næringsutvikling	13 %	325 000	140 000	6 %
Visit Fjordkysten	11 %	325 000	140 000	6 %
Visit Nordfjord	30 %	800 000	745 000	34 %

Frå 2018 vil samla tilskot bli fordelt mellom Visit Sognefjord og Visit Nordfjord med mindre det skulle oppstå endringar som gjer at vi har meir midlar å fordele i framtida. Vi ynskjer framleis at Sunnfjord Næringsutvikling og Visit Fjordkysten deltek i programstyret for infrastruktur og er med i vidare i arbeidet med å nå måla i reiselivsplanen for Sogn og Fjordane.

**Vedlegg:** Rammeavtale for destinasjonsselskapa 2016-17

## RAMMEAFTALE FOR 2016 - 2017

mellan

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**  
og  
**XXXX**

### 1. Partar i avtala

Partane i denne avtala er Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) og **XXXX**.

### 2. Foremal

Avtalen skal trekke opp linjer for samarbeidet mellom dei regionvise destinasjonsselskapene og fylkeskommunen i arbeidet med å realisere dei måla som er sett i Sogn og Fjordane sin reiselivsplan for 2010-2025 «Fjordane frå bre til hav». Denne avtalen er ein del av det fylkeskommunale infrastrukturprogrammet (sjå reiselivsplanen) og gjev destinasjonsselskapet funksjon som regionvis t delprogram for infrastruktur. Avtalen gir **XXXX** ansvar for å leie det regionvise infrastrukturarbeidet for **XXXX** i 2016-2017, som skildra i reiselivsplanen. Hovudmålet med avtalen er å sikre at regionen får ein kompetent organisasjon til å ta utføringsansvar, fagansvar, og ta ei viktig pådrivar- og koordinatorrolle i arbeidet med å gjera regionen kjent og meir attraktiv for turistane.

### 3. Ansvar, roller og forankring

Destinasjonsselskapet skal vere pådrivar- og koordinator for å utvikle reiselivet i regionane og ha eit ansvar for «fellesfunksjonar» for eit samla reiseliv på vegne av bedrifter og kommunar i tett samarbeid med andre aktørar. Det regionale destinasjonsselskapet har ansvar for at alle dei viktigaste aktørgroupene i regionen vert med i planlegging og prioritering av utviklingsprosjekt i regionen.

Destinasjonsselskapet skal koordinere arbeidet i regionen inn mot arbeidet i det fylkesdekkande infrastrukturprogrammet som føregår i den offentlege partnarskapen sitt arbeid med oppfølging av reiselivsplanen. Destinasjonsselskapet forpliktar seg til å vere med på å forankre reiselivsplanen og arbeidet med denne mot sine samarbeidspartnarar som bedrifter, kommunar og andre og i dei fora dette er naturleg.

Denne avtala gjev **XXXX** AS **XXXX** kr. årleg i avtaleperioden som tilskot for gjennomføring av arbeid som skissert i denne avtalen.

### 4. Mål og utvikling

Fylkeskommunen løyver midlar til utviklingsaktivitet i regi av destinasjonsselskapene som kjem regionen til gode og som skal medverke til å nå måla.

Fylkeskommunen har tre langsiktige mål og målet til programstyre for infrastruktur, der alle destinasjonsselskapene i fylket er representert, er å auke tal i gjestedøgn. I Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane står det at tal gjestedøgn i Sogn og Fjordane skal auke med 2,3 millionar gjestedøgn fram mot 2025. Dette svarar til kring 3 % årleg vekst. I tabellen vert utviklinga for tal gjestedøgn for samla marknad i kvar område presentert:

	Utvikling gjestedøgn i prosent for Sogn og Fjordane 2010-2014			
	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
Sognefjord	1	-1	-7	-5
Sunnfjord	-4	28	-32	-5
Fjordkysten	7	6	21	-20
Nordfjord	0	6	-14	5
Total	0	6	-11	-4

Utviklinga i gjestedøgn 2010-2014 er i gjennomsnitt ein nedgang på 2 %. Tilskot frå fylkeskommunen skal gå til tiltak som bidreg til å snu denne utviklinga.

**XXXX** har vidare ansvar for å jobbe mot desse delmåla:

- Vekst i tal gjestedøgn skal skje ved at  $\frac{3}{4}$  av veksten kjem i perioden oktober til april
- Veksten i gjestedøgn skal skje ved 4 % vekst i norske gjestedøgn og 2 % vekst i utanlandske gjestedøgn

### 4. Oppgåver

Destinasjonsselskapet skal:

- Drive aktivt arbeid ut mot reiselivsaktørar i sin region for å kople aktørar, bygge nettverk og drive utvikling av reiselivet.
- Marknadsføre og drive omdømmebygging av regionen som reiselivsmål.
- Aktivt styrke berekraftprofilen til reiselivet i regionen.

- Drive kompetanseheving og –utvikling for reiselivsaktørane i regionen og medverke til forsking og utvikling til beste for reiselivet.
- Utvikle og betre vertskapsfunksjonen i regionen.
- Ha eit forpliktande samarbeid med andre destinasjonsselskap i fylket og finne område ein kan samarbeide om for å lette kvarandre sitt arbeid
- Ha eit aktivt samarbeid med Fjord Norge, NCET og eventuelt destinasjonsselskap utanfor fylket.

Kva tilskotet ikkje skal gå til:

- Ordinær drift av destinasjonsselskapene
- Utviklingsprosjekt og tiltak der fylkeskommunen er inne med bidrag frå før.
- Drift av turistinformasjon.
- Bedriftsutvikling knytt til einskildbedrifter.
- Aktivitet og tiltak som ikkje er opne for alle.

## 5. Rapportering

Destinasjonsselskapet skal kvart år utarbeide ein handlingsplan som beskriv mål for regionen når det gjeld gjestedøgn og tiltak knytt til det årlege tilskotet. Handlingsplanane skal koordinerast gjennom det fylkesdekkande infrastrukturprogrammet og skal leverast inn seinast 1. januar kvart år.

Destinasjonsselskapet skal rapportere på gjennomførde tiltak og måloppnåing i regionen knytt til auke i gjestedøgn. Selskapet skal også gi ei kvalitativ vurdering av arbeidet som er blitt gjort og kva effektar tiltaka har hatt på måloppnåing. Det skal vere samsvar mellom handlingsplan, sluttrapport og rekneskap slik at det er mogleg for fylkeskommunen å identifisere bruk av midlane i handlingsplanen og i rapportar og rekneskap ved slutten av året.

For i hindre kryss-subsidering<sup>1)</sup>, må reisemålsselskapet ha eit tydeleg skilje i rekneskapet mellom aktivitetar knytt til infrastrukturarbeidet og anna aktivitet i regi av selskapet som er knytt til den kommersielle aktiviteten. Dette krev at det vert ført eit eige delrekneskap for tilskot frå fylkeskommunen.

*Kryss-subsidering er når offentleg støtte til ein aktivitet blir brukt til å finansiere ein annan (kommersiell) aktivitet. Dette er i strid med konkurransereglementet i EØS-avtalen. For å dokumentere at kryss-subsidering ikkje skjer, skal reisemålsselskapet innføre rekneskapsmessig og organisatorisk skilje mellom aktivitetane, eller dokumentere at ei slik løysing ikkje er naudsynt for det aktuelle selskapet. Reisemålsselskapet skal i tilfelle såleis dokumentere at den konkurransesettet delen av selskapet ikkje har fordeler av avtalen, eller at medlemene i selskapet har fordeler jamfört med andre reiselivsaktørar i regionen.*

## 6. Utbetaling

- Fylkeskommunen kan utbetale inntil 25 prosent av tilskotet når årleg handlingsplan for selskapet er sendt og godkjent av fylkeskommunen, seinast 1. januar kvart år
- Fylkeskommunen kan betale ut dei neste 50 prosent av tilskotet når vi har motteke dokumentasjon på faktiske utgifter (domesvis utdrag frå rekneskapssystem) på 75 prosent av totalkostnadane til tiltak som vert dekkja av tilskot frå fylkeskommunen.
- Resterande tilskot vert betalt ut når årsmelding og revisorgodkjent rekneskap for tilskotet som er knytt til denne avtala er sendt til fylkeskommunen innan 1. mars påfølgande år. Fylkeskommunen tek då stilling til om tilskotet skal utbetalast.. Den siste delen av tilskotet kan først utbetalast når

## 7. Evaluering, endring og bortfall av avtalen

Innan utgangen av avtaleperioden i 2017 skal avtalen evaluerast av partane.

Avtalen fell vekk dersom gjennomføring av ny nasjonal reiselivsstrategi (vert lansert 2016) tilseier at avtalen er i strid med ny organisering og finansiering av slike selskap.

Avtalen fell vekk om avtalepartane ikkje fyller vilkåra.

## 8. Signering

Denne avtala vert signert i to eksemplar der kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Leikanger, \_\_\_\_\_ / \_\_\_\_\_ 2015

\_\_\_\_\_, \_\_\_\_\_ / \_\_\_\_\_ 2015

Sogn og Fjordane fylkeskommune

XXXX